

Arkivreferanse: 2024/53
Ansvarleg direktør: Erik Solligård
Saksbehandlar: Ingeborg Kirkhorn

SAKSFRAMLEGG

Saksnummer	Møtedato	Utval
24/24	06.03.2024	Styret i Helse Møre og Romsdal HF

Oppfølging Utviklingsplan HMR 2023 - 2026 (2037)

Vedlegg

- Oppfølging Utviklingsplan HMR

Forslag til vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa om oppfølging av Utviklingsplanen HMR til vitende

Ålesund, 28.02.2024

Olav Lødemel
adm. direktør

Bakgrunn

Utviklingsplanen blir utarbeidd kvart fjerde år med bakgrunn i retningsline frå Nasjonal helse- og sjukehusplan. Planen skal vere eit grunnlag for å styre og samordne utviklinga av verksemda og bygningsmassen. Vidare skal planen vise utviklingsretning og prioriteringar i Helse Møre og Romsdal dei nærmaste fire åra – med eit framtidsperspektiv mot 2037. Målet er å gjere føretaket best mogleg rusta til å møte befolkninga sine framtidige behov for spesialisthelsetenester. Utviklingsplanen er det øverste strategiske dokumentet i HMR og må understøttast av meir detaljerte planar innanfor ulike fagområde.

Korleis brukar vi Utviklingsplanen i dag:

Utviklingsplanen er mykje brukt av stabseiningar og klinikkar i verksemda vår.

I HR-seksjonen blir planen brukt aktivt for å sette delmål og konkrete aktivitetar innan dei ulike områda som HR er involvert i. Det vert laga ein årleg handlingsplan for HR som systematiserer tiltak som skal bidra til å oppfylle mål og krav frå Utviklingsplanen, Styringskrav og rammer og vedtak frå styret og leiargruppa. Tiltaka i planen vert følgjt opp av ulike team og dei som er ansvarlege for delprosessar, og framdrifta vert diskutert på HR-forum 2-3 gongar i året.

Ut til klinikkane vert prioriterte tiltak på til dømes leiing, rekruttering og bemanning omtala og markedsført om lag månadleg via HR si deltaking i klinikkk eller avdelingsråd.

HR tek ansvar for å dele ut Utviklingsplan i papirformat til alle nye leirarar i føretaket som deltek på «Mottaksdag for nye leiurar» som blir gjennomført om lag kvar 6.veke.

Det er planlagt å ha metode for korleis arbeide med strategidokument og forbetringsarbeid på modul «Kvalitet i leiing» som er under utarbeiding. Det er planlagt første gjennomføring Q4 i 2024 eller Q1 i 2025 av omsyn til innføring av Helseplattformen.

Utdanningsseksjonen har tatt utgangspunkt i plana i utarbeiding av Handlingsplan for utdanning, og som underlag til strategisk kompetanseplan og i prioritering av arbeidet.

Innan E-helse bruker styringsstrukturen for IKT i hele Midt-Norge utviklingsplanane til HMR, HNT og StO jamleg gjennom året, både for å prioritere, for innsikt, og for å lage regionale planar. Det er eit mykje brukt dokument i mange samanhengar med tanke på IKT-utviklinga både i HMR og i Midt-Norge.

Samhandlingsseksjonen bruker utviklingsplanen både i utvikling og revisjon av eigne handlingsplanar for samhandlingsseksjonen (felles) og handlingsplan for Læring og mestring. Vi referer og diskuterer utviklingsplanen i våre seksjonssamlingar og passer på at vi jobbar i tråd med planen – ein viktig påminning å ta inn i ein hektisk kvardag.

Klinikkane brukar Utviklingsplanen i eigne planar og i arbeid med prioritering og målsettingar, og som grunnlag i diskusjonar om strategi. Den blir og brukt i OU-arbeidet rundt SNR Hjelset

Henta frå Utviklingsplanen har vi delt inn i seks hovudområder kor vi oppdaterer på status:

- **Vi skaper pasienten si helseteneste**
- **Ta i bruk ny kunnskap og teknologi**
- **Rekruttere, utvikle og behalde personell**
- **Gode lagspelarar**
- **Eigedom og bygningsmasse**
- **Samfunnsansvar**

Dokumentet som beskriv status på områda og gir oppfølging på Utviklingsplanen ligger vedlagt (vedlegg 1). I dokumentet er det inkludert oransje tekstboksar som er henta frå Utviklingsplanen og beskriv våre prioriteringar som skal bidra til endringar som understøttar ei berekraftig utvikling.

Her finn du Utviklingsplanen til Helse Møre og Romsdal på internett: [Utviklingsplan - Helse Møre og Romsdal \(helse-mr.no\)](http://Utviklingsplan - Helse Møre og Romsdal (helse-mr.no))